



---

## Vestnes kommune

# Alkoholpolitisk plan 2020 – 2024

Vedteken i Vestnes kommunestyre 29.april 2020

---



midt i blinken



## **1. Innleiing**

### **1.1. Lovgrunnlag**

- Lov om omsetning av alkoholholdig drikk av 2.juni 1989, heretter kalla Alkohollova.
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. av 8.juni 2005 (alkoholforskrifta).
- Rundskriv til alkohollova frå Helsedirektoratet.

### **1.2. Avgrensing av planen**

Planen inneholder ikkje mål og handlingsplan for den samla rusmiddelpolitikken i Vestnes kommune. Planen set rammer og gir retningslinjer for omsetting av alkohol i Vestnes kommune.

## **2. Mål og resultatmål**

### **2.1. Overordna mål**

Fastsett i Alkohollova § 1-1:

*Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.*

#### **Lokalt fastsett overordna mål:**

Vestnes kommunestyre vil føre ein løyvepolitikk som i størst mogeleg grad reduserer alkoholen sine samfunnsmessige og individuelle skadeverknader.

Samstundes skal politikken som blir ført ta omsyn til at alkoholen er ei lovleg omsett vare. Lokal alkoholpolitikk skal bidra til å sikre næringslivet føreseilege rammevilkår.

### **2.2. Resultatmål i Vestnes kommune:**

- Barn og unge under 18 år skal ikkje ha tilgang til alkohol.
- Barn og unge skal få kunnskap om alkoholen sine skadeverknader gjennom grunnskuleopplæringa.
- Sal- og skjenkestader i Vestnes kommune overheld reglar fastsette ved lov og i denne planen.
- Vestnes kommune har ei effektiv kontrollordning.  
Brot på reglar gir konsekvensar for sals- og skjenkestaden.
- Alkoholpolitikken i Vestnes reduserer risikoen for fyll, bråk utanfor skjenkestaden og alkoholbruk i uehellige samanhengar.

### **3. Definisjon av alkoholhaldig drikk (etter Alkohollova)**

- Alkoholfri drikk: drikk som inneholder under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: drikk som inneholder fra og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 1**:  
drikk som inneholder over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 2**:  
drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk **gruppe 3**:  
drikk som inneholder fra og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol
- Med brennevin forstår ein drikk som inneholder tilverka alkohol ublanda eller i blanding med andre produkt. Ein kvar drikk som inneholder 22 volumprosent alkohol eller meir, blir rekna som brennevin.

### **4. Retningslinjer for salsløyve**

- 4.1. Vestnes kommunestyre set ikkje tak på kor mange salsløyve som kan innvilgast.
- 4.2. Det kan innvilgast **faste** salsløyve for kommunestyreperioden, gitt for 4 år om gongen gjeldande frå 1.juli året etter at nytt kommunestyre er konstituert og til 1.juli fire år etter.
- 4.3. Dersom det ved ny løyveperiode ikkje er endringar i føresetnadene for løyvet, kan det vidareførast utan ny søknad. Føresetnader: same løyvehavar, same styrar og stedfortredar, uklanderleg vandel, ingen brot på alkohollova. I staden for ny søknad kan det då sendast ei stadfesting til administrasjonssjefen. (Alkohollova § 1-6, 3.ledd)
- 4.4. Det blir ikkje gitt salsløyve til kiosk/storkiosk eller bensinstasjon, jf. alkohollova § 3-4.
- 4.5. Sal av alkohol skal ikkje skje i lokale med gevinstautomatar. Alkohol skal ikkje kombinerast med pengespel.
- 4.6. Det skal vere tydeleg skilting på salsstaden med opplysning om aldersgrense for kjøp av alkohol.
- 4.7. Det skal som hovudregel vere både styrar og stedfortredar knytt til salsløyvet. Det kan i særlege tilfelle bli gjort unntak frå krav om stedfortredar dersom det synast urimeleg å krevje det, mellom anna av omsyn til salsstaden sin storleik.  
Både styrar og stedfortredar må ha gjennomført og bestått kunnskapsprøva.  
Kunnskapsprøva kan gjennomførast etter avtale med Servicekontoret i kommunen.
- 4.8. Ved eigarskifte eller vesentlege endringar i konsept/driftsmønster, skal det straks søkjast om nytt løyve. Ved endring av styrar eller stedfortredar skal det sendes søknad til kommunen om godkjenning av desse.
- 4.9. Både den som er innvilga salsløyve og hans/hennar stedfortredar må ha «uklanderleg vandel» og elles syte for tilstrekkeleg opplæring til tilsette som skal utøve salsløyvet.

## 5. Ulike typar skjenkeløyve

- 5.1. Det kan innvilgast **faste/almenne** skjenkeløyve knytt til ein bestemt skjenkestad for heile kommunestyreperioden. Slike løyve blir gitt for 4 år om gongen gjeldande frå 1.juli året etter at nytt kommunestyre er konstituert og til 1.juli fire år etter.
  - 5.2. Dersom det ved ny løyveperiode ikkje er endringar i føresetnadene for løyvet, kan det vidareførast utan ny søknad. Føresetnader: same løyvehavar, same styrar og stedfortredar, uklanderleg vandel, ingen brot på alkohollova. I staden for ny søknad kan det då sendast ei stadfesting til administrasjonssjefen. (Alkohollova § 1-6, 3.ledd)
  - 5.3. Enkeltsøknader som blir behandla i løyveperioden kan bli gitt fram til ny løyveperiode tek til (1.juli året etter konstituering av nytt kommunestyre).
  - 5.4. Dei almenne løyva kan inkludere alle tre alkoholgrupper samla, alternativt for berre gruppe 1 eller for gruppe 1 og 2.  
Løyve for alkoholgruppe 3 inkluderer alltid gruppe 1 og 2.  
I alle innvilga skjenkeløyve skal det gå klart fram kva alkoholgruppe vedtaket gjeld.
  - 5.5. Det kan bli gitt **skjenkeløyve for enkelthøve/enkeltarrangement** etter Alkohollova § 1-6 og 4-2. Løyvet kan bli gitt i inntil 1 veke for arrangement som går over fleire dagar. Enkelthøve er opne arrangement som festivalar, konserter mm. Det må vere ein styrar og stedfortredar for løyvet. Desse må ha uklanderleg vandel, men det er ikkje krav til bestått kunnskapsprøve i alkohollova. Ved større arrangement blir det stilt nokre krav til arrangøren: Arrangøren må ha løyve frå politiet der det m.a. går fram korleis vakthaldet skal organisera, og kven som har ansvar for dette. Arrangøren skal også melde frå til brannvesenet.
  - 5.6. Det kan også bli gitt **ambulerande skjenkeløyve** til slutta selskap. "Slutta selskap" er det same som «lukka selskap» og betyr at det er samla ein bestemt krets med menneske i samband med eit bestemt formål i eit bestemt lokale og at den som er innvilga løyve skjenkar alkohol mot betaling; t.d. bryllaup, konfirmasjon, jubileum osv. Deltakarane i selskapet må ha ei eller anna tilknytning til dei som inviterer til selskapet. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein skriv seg på en liste eller kjøper billetter i forkant av arrangementet. Vanlege medlemsmøte i ei foreining vil ikkje oppfylle lova sine krav til slutta selskap.
- Det kan gjevest løyve til skjenking til slutta lag i følgjande kommunale bygg: Myra kulturhus, fleirbruksdelen av Tresfjord skule, Aktivitetssenteret (ut 2020), Stella Maris utleigelokale frå 2021. Administrasjonssjefen kan også gje løyve i andre kommunale bygg, etter ei nærmare vurdering.
- 5.7. Det er **unntak frå regelen om plikt til å ha skjenkeløyve** i lokale der eigar, leigar, drivar eller tilsett disponerer lokala til eige bruk til slutta selskap. Vederlagsfri skjenking av alkohol kan då skje utan løyve i:
    - lokale der det blir drive serveringsverksemد
    - lokale som vanlegvis er allment tilgjengelege for publikum
    - forsamlingslokale eller andre felleslokale.Dette forutset at utleigar ikkje står for deler av arrangementet utover det å stille lokala til disposisjon og at det ikkje blir skjenka mot vederlag.

## **6. Retningslinjer for skjenkeløyve**

- 6.1. Ved søknad om skjenkeløyve (gjeld alle type skjenkeløyve) skal følgjande forhold alltid vurderast;
  - kva type verksemnd det blir søkt for
  - kvar verksemda ligg (omsyn til lokalmiljøet)
  - målgruppe for arrangementet/verksemda
  - trafikk- og ordensmessige forhold
- 6.2. Vestnes kommunestyre set ikkje tak på kor mange skjenkeløyve som kan innvilgast. For å nå resultatmåla for alkoholpolitikken skal det i Vestnes kommune ikkje gjevast skjenkeløyve til arrangement der barn og unge under 18 år er målgruppa. Ved arrangement der både barn, unge og vaksne er saman, må det gjerast tiltak som gjer kontrollen med å overhalde aldersgrensene for skjenking mogeleg. Dette kan t.d. gjerast ved tydeleg avgrensing av skjenkeområdet/skjenkelokalet.
- 6.3. Det blir ikkje gitt skjenkeløyve til gatekjøkken, storkioskar eller bensinstasjonar.
- 6.4. Skjenking av alkohol skal ikkje skje i lokale med gevinstautomatar. Alkohol skal ikkje kombinerast med pengespel.
- 6.5. Ved arrangement i kommunal regi bør det som hovudregel ikkje bli servert alkohol. Ordføraren kan ved særskilte høve gjere unntak frå denne regelen.

## **7. Krav til den som får sals- og skjenkeløyve**

- 7.1. Løyvehavar og stedfortredar må ha greidd kunnskapsprøva i Alkohollova.  
Unntak: skjenkeløyve for enkelthøve.
- 7.2. Alkohollova § 1.7 b set krav til løyvehavar og stedfortredar om uklanderleg vandel.
- 7.3. Den som er innvilga sals- og/eller skjenkeløyve frå Vestnes kommune er pliktig til å sette seg inn i kommunen sine retningslinjer for sal og skjenking, samt alkohollova med forskrifter.
- 7.4. Syte for at alle tilsette som skal utøve sal og skjenking får naudsynt opplæring. Det kan bli kravd dokumentasjon på dette gjennom eit internkontrollsysten.

## **8. Sals- og skjenketider i Vestnes kommune**

- 8.1. Skjenketider innandørs (Alkohollova § 4-4)  
Måndag t.o.m. torsdag: inntil kl 24.00  
Alle andre dagar: inntil kl 02.00  
Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter utgått skjenketid.
- 8.2. Skjenketider utandørs (Alkohollova § 4-4)  
Måndag t.o.m. torsdag: inntil kl 24.00  
Alle andre dagar inntil kl 02.00  
Administrasjonssjefen har mynde til å utvide skjenketida til kl 03.00 ved einskildhøve (pkt 5.5 og 5.6 i denne planen)  
Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter utgått skjenketid.

### 8.3. Salstider for alkohol (gruppe 1) i butikk:

Sal er forbode etter kl. 20.00 på kvardagar, og etter kl. 18.00 på dagar før søn- og heilagdagar, unntake dagen før Kristi Himmelfartsdag.

## 9. Gebyr for sal og skjenking av alkohol

### 9.1. Forskrift til Alkohollova om omsetning av alkoholholdig drikke mm

§6:

*Bevillingsgebyr på kommunal salgsbevilling for alkoholholdig drikke utenom Vinmonopolet og kommunal og statlig bevilling for skjenking av alkoholholdig drikke fastsettes for ett kalenderår om gangen for hver enkelt bevilling på grunnlag av forventet mengde alkoholholdig drikke.*

I Vestnes kommune blir gebyr betalt etter faktisk omsetning året før. Dette for å unngå «etteroppgjør».

### 9.2. § 6-2.

Gebyret skal for 2020 betalast etter følgande satsar (satsar gitt i forskrifta):

**Sal:**

0,22 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 1  
0,60 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 2

**Skjenking:**

0,49 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 1  
1,29 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 2  
4,27 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 3

### 9.3. Gebyret utgjer pr. år minimum kr 1700 for sal og kr 5300 for skjenking (2020)

Formannskapet kan likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal settast lågare.

For ambulerande løyve er gebyret på kr 380 pr. gong.

Takstane i Vestnes følger takstane i alkoholforskrifta.

## 10. Kontroll av sals- og skjenkeløyve

### Alkohollova §1-9:

*Kontroll med utøvelsen av kommunal bevilling til skjenking av alkoholholdig drikke, kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikke utenom Vinmonopolet og statlig bevilling etter § 5-3 første ledd tilligger kommunen.*

**Det vil bli ei eiga politisk sak om dette då anskaffinga i Ålesund ikkje er avslutta.**

### 10.1. Vestnes kommune kjøper kontrolltenester saman med kommunane i Ålesundsregionens innkjøpssamarbeid.

Hovudfokus for kontrollane er gitt i Alkoholforskrifta § 9-4:

*Kontrollen skal særlig omfatte salgs- og skjenketidene, aldersgrensebestemmelsene, og at det ikke selges eller skjenkes til personer som er åpenbart påvirket av rusmidler. Kommunen skal sikre at kontrollen til enhver tid er rettet mot de forhold som synes hensiktsmessige etter en vurdering av de lokale forhold.*

### 10.2. I Vestnes kommune skal kontrollane har følgjande hovudfokus:

- At aldersgrensene vert overhaldne
- At det ikkje skal seljast eller skjenkast til personar som er «åpenbart påvirket av rusmidler»

## **11. Reaksjonar på brot på alkohollova med forskrifter**

### **Alkoholforskrifta § 10**

*Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker.*

*Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.*

*Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.*

### **Prikktildeling etter Alkoholforskrifta §10-3:**

(tekst i kursiv er direkte sitat frå Alkoholforskrifta)

#### **Tildeling av 8 prikker:**

- *salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år.*
- *brudd på bistandsplikten,*  
(Personar som er «åpenbart påvirket av rusmidler» må ikkje vere på skjenkestaden. Om så skjer, har løyvehavar plikt til å syte for at vedkomande forlet lokalet. Løyvehavar har også plikt til å sørge for at personar som treng det, får naudsynt bistand.)
- *brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7*  
(løyvehavar skal overhalde det vedtaket kommunestyret har gjort)
- *hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.*

#### **Tildeling av 4 prikker:**

- *salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler*
- *brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene*
- *skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år*
- *brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk*

#### **Tildeling av 2 prikker:**

- *det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet*
- *mangler ved bevillingshavers internkontroll*
- *manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist*
- *manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist*
- *brudd på krav om styrer og stedfortreder*
- *gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet*

- *gjentatt diskriminering, jf. alkoholloven § 1-8 annet ledd.*

**Tildeling av 1 prikk:**

- *brudd på kravet om alkoholfrie alternativer*
- *brudd på regler om skjenkemengde*
- *konsum av medbrakt alkoholholdig drikk*
- *gjester medtar alkohol ut av lokalet*
- *brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted,*
- *brudd på vilkår i bevillingsvedtaket*
- *brudd på reklameforbudet*

## **12. Mynde i alkoholpolitikken - Delegering av mynde**

**Kommunestyret:**

- 12.1. Fastset alkoholpolitikken i Vestnes kommune.  
Skal revidere alkoholpolitisk plan/alkoholpolitiske retningslinjer kvar kommunestyreperiode.
- 12.2. Avgjer søknader om almenne/faste sals- og skjenkeløyve
- 12.3. Mynde til inndragning av sals- og skjenkeløyve

**Formannskapet:**

- 12.4. Kontrollorgan etter Alkohollova §1-9 og forskrifter kap 9 og 10.  
Skal ha førelagt alle kontrollrapportar der det er avvik.  
Mynde til prikktildeling over 4 prikker
- 12.5. Mynde til å gi dispensasjon frå kravet om stedfortredar.
- 12.6. Mynde til å redusere gebyr etter kap 9

**Administrasjonssjefen:**

- 12.7. Mynde til å gjennomføre kunnskapsprøver
- 12.8. Mynde til å godkjenne styrar og stedfortredar
- 12.9. Mynde til å avgjere alle søknader om enkeltløyve.
- 12.10. Mynde til å utvide almenne skjenkeløyve:  
- skjenketid for enkelthøve  
- utviding og flytting av skjenkelokale for enkelthøve  
- fast utviding av sals- og skjenkeområdet
- 12.11. Mynde å krevje inn gebyr etter Alkoholforskrifta
- 12.12. Mynde til å inngå avtalar om sals- og skjenkekontrollar

12.13. Mynde til tildeling av 1 og 2 prikker etter kap 11